



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 4, 60. ÅRGANG, 2021



PÅ KYRKJEVEG

Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre.
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick,
Gunvor Hegge og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

Lay-out: designsaskia.no

Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

I dette nummeret er det spesielt fokus på Rogne sokn. I neste nummer vil vi fokusere på Lidar sokn. Kom gjerne med idéar til stoff.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer:

Fredag 21. januar 2022

Framsida: Teikning av Alexander Bruland Myrvang 11 år. Han går i 6. klasse ved Rogne skule.



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang, Bygdinvegen 1989,
2940 Heggenes

E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

DAGLEG LEIAR: Ove Ekerbakke 61 35 25 76

SOKNEPREST/FJELLPREST: Eli Vatn 991 29 976

PRESTVIKAR: Ellen Oddveig Rudi

PROST: Carl Philip Weisser 915 55 504

SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg 61 35 25 78

KYRKJEGARDSARBEIDAR: Jon Gunnar Solhaug 61 35 25 80

KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland 934 19 294

TRUSOPPLÆRAR: Marianne Straum

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE Vipps: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinholdar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Arnstein Alund

VOLBU KYRKJE Vipps: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinholdar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Øystein Skattebu

LIDAR KYRKJE Vipps: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinholdar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE Vipps: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinholdar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Eli Døvresdegård Skattebu



SOKNEPRESTEN HAR ORDET

Den vanskelege jula!

Eg har ein juleduk. Han er vakker, særleg før det blir søla på han, og stemninga blir litt intens etter kvart som dagane går. Han består av julehjarde slik vi kanskje fletta da vi var små. Lyse og mørke striper fletta inn i kvarandre.

Eller kanskje vi ikkje fletta korgar fordi ingen vaksne hjelpte oss med det. Kanskje fordi far var full, eller mor var sjuk. Eller kanskje vi ikkje hadde nokon far.


Vi tek fram juleforventningar i dette bladet slik mange av oss gjer; kva må til for at det skal bli jul? Men ikkje alle har gode juleminne, eller ein livssituasjon som gjer at vi gler oss til jul. Kanskje saknar vi nokon sårt ved julebordet, kanskje har vi ikkje nokon å feire jul saman med. Kanskje minnest vi mange knuste forventningar. Det er vondt, og det er mange i same båt. Spesielt smerteleg er det når idyllane eller ideala lyser så sterkt, når vi kan hende ser inn gjennom glasa til lysa i stovene til folk, eller den vesle ruta som innlegg på sosiale media gjev oss innblikk i – og vi tenker at alle dei andre har det så mykje betre enn eg. Vi er mange saman i den båten og.

Eg skulle ønske... eg skulle så ofte gjerne forandra verda for mange, gitt at jula ikkje var så full av mørke striper midt i glitteret, lyset og gleda. Teke alle inn i varme lyse rom, slik at alle kunne kjenne seg heime i alt som har både lys og mørke i seg. Det er det jula handlar om; at det kom lysstriper inn i det mørke slik det faktiske livet ER for kvar og ein av oss.

Eg skulle ønske...; Det vi kan gjere, det vi vonar vi i år skal kunne gjere er å halde dørene til kyrkjene våre vidopne på dei mange gudstenestene no i jula. Julekvelden, juledagen, Den gylne time torsdagen i romjula, julekonserten ved nyttårsskiftet, julefesten. Det er opne rom, som ynskjer velkomne; kor vi høyrer heime.

Beste juleønske frå meg.

- Eli



Juleandakt 2021

AV: SOLVEIG FISKE

FOTO: HALVARD BJØRKÅS / HAMAR BISPEDØMME

«Glade jul, heilage jul!
Englar kjem frå Guds kongestol,
blomar ber dei frå paradiset»

Slik står det i julesongen «Glade jul, heilage jul» som den danske forfatteren og poeten Bernhard Severin Ingemann har skrivne og lagt til rette for norsk av Bernt Støylen som var prest, biskop og lyrikar.

Glade jul, heilage jul!
Englar kjem frå Guds kongestol

Englane fortel om blomane frå paradiset. Noko som er frå byrjinga, som er og som varar. Noko som ber liv og håp i seg.

Julas Gud gir kraft og ber, også når dagane er vonde. Tonane frå Betlehemsmarka minner oss om kor aleine vi kan kjenne oss når livet rammar med all si tyngd. Lindringa kjem som glimt av å høyre til i noko som er stort, større enn oss sjølve.

Vi veit alle noko om at livet er sårbart og utsett. Noko meir sårbart enn ein liten baby finst vel knappast, avhengig av å bli tatt vare på og beskytta, og samstundes gir dei, berre ved å vere til.

Det at Gud er komen til verda gjer at vi kan lene oss til ein Gud som kjenner menneska sine liv. Jesu fødsel set i gang ei rørsle som aldri har stansa.

Å følgje fotspora etter det vesle barnet, er å våge å gå inn i nye, ukjende landskap ut frå evangeliet si grensesprengande kraft, til å opne livets kjelder og framtidshåp for alle menneske.

Blomar frå paradiset. Englane ber bod om eit evigvarande håp. Håp for i dag og for morgondagen.

Blomar frå paradiset. Barnet i Betlehem. Vi anar noko om dette barnet. Ja, vi anar, kjenner att og trur på det livgjevande og trøystefulle nærværet Jesusbarnet har midt iblant oss.

Velsigna julehøgtid til dykk alle.

Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.



Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og held vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

- Ære være Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.

Utsnitt av julekrybbe. Foto: Eli Vatn



Heggebø barnehage



«Barna går foran glad i flokk.»

Ting fell saman, og noko nytt får rom: Aud Karin Hovi sender meg på oppfordring ei oppleving rundt salmen «Nå vandrer frå hver en verdens krok», og verdivandringa om rørsle som eg hadde planlagt for dette nummeret må avlysast på grunn av sjukdom. Eg må finne på noko anna å fylle desse spaltene med. Og då «kjem det til meg»: Å vandre frå kvar ein verdens krok. Vi syng denne salmen når ungane i Heggebø barnehage kjem på besøk i Hegge kyrkje rett før jul. Det er ei stund full av glede og humor når eg går sist i fylgjet og syng:

«Se, barna går foran, glad i flokk, så kvinner og menn, så kvinner og menn.

Selv skjelvende gamle tar sin stokk:

Til krybben hen, til krybben hen!»

Vi er på veg saman med Maria og Josef som skal til Betlehem for å skriva seg i manntal. Den unge Maria er gravid og legg ut på ei ferd som ikkje heilt høver for hennar situasjon, men ho har fått med seg desse underlege orda: «Ver ikkje redd, Maria! For du har funne nåde hos Gud. Høyr! Du skal bli med barn og få ein son og du skal gje han namnet Jesus. Han skal verta stor og kallast Son til Den høgste.»

No går Maria og Josef fyrst i toget, boren av små barnehender. Når vi kjem aust om kyrkja, oppdagar vi tre kongar, dei er og på veg. Dei ber med seg gåver; gull, røykjelse og myrra. Dei leitar etter ein konge og ei stjerne og spør: «Kvar er den jødekongen som no er fødd? Vi såg stjerna hans gå opp, og no er vi komne og vil hylla han». Kongane får sine barnehender til å bera dei vidare.

Vi går rundt hjørnet av kyrkja. Vel inne høyrer vi frå det høge: «Ære vere Gud i det høgste..» Nokre englar øver til dei skal ned og syng for nokre gjetarar; dei får og bli med. Vi byrjar å bli eit mangfaldig fylgje som no vandrar. Og jammen, der finn både vi og englane nokre gjetarar som er ute og vaktar sauene sine om natta. Du kan skjone dei blir redde når alle desse barnehageungane og attpåtil englar kjem til dei. «Frykt ikkje», seier englane slik englar plar gjere. «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei

TEKST OG FOTO: ELI VATN



stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by og det skal de ha til teikn at de skal finne eit barn som ligg sveipt i ei krubbe».

Ja, ja, dei får bli med dei og frå denne kroken deira i verda.

Den gravide Maria kjenner at noko er på gang, og Josef skjønner at dei må finne ein stad å føde. Så no kjem fylgjet «frå kvar sin krok», alle på leit etter noko; ein stad å føde eit barn, ei stjerne, ein jødekinge og ein Frelsar.

«Der er stjerna», seier ein vaken unge, og ja, der inne i altarringen står ein okse og eit esel, og over skuret deira lyser ei stjerne. Vi kravlar oss inn i altarringen, boblekledde ungar, soknepresten; denne gongen utan prestekjole og kan difor lett falle på kne saman med alle desse som no ber fram dei som har vandra: Dei som treng skuret for å føde det barnet som er på veg; dei som ser stjerna og barnet som er fødd der og ber fram gåvene sine verdige ein konge; englane og gjetarane som kjenner att frelsaren når dei ser barnet som ikkje anna seng har enn ei fôrkrubbe.

Kva tenkte dei, dei som tok imot gåvene og gjetarane som hylla barnet? Kva tenkte dei som leita etter ein konge og fann eit barn i ei krubbe? Kva tenkte dei som leita etter Frelsaren og fann eit fattig barn hylla med «kongegåver», og kva fann vi som hadde kome oss inn i altarringen - «det aller heilagste»- og fann han befolka med raudkinna og boblekledde ungar?

Maria får svare for oss alle; ho undra seg og gøymde det i hjarta sitt.

Hjertetrang til julens fred

Av: AUD-KARIN HOVI - KIRKEVERGE I NORD-AURDAL

Sjernernekvelden var kald og klar. Noen hadde reist langt, noen kort. Noen hadde krysset hav og ørken. De fleste var langt hjemmefra. Andre hadde knapt vært utenfor bygrensa. Men alle var her av samme grunn. Maktthaverne hadde pådratt deg anklager om overgrep og korrupsjon. Etniske konflikter, fengsling av opposisjonelle og opptøyer var en del av hverdagen. Men nå var vi her. Ute på marken. Under stjernene. Tungemål fra alle verdens kroker summet rolig i mørket, fjernt fra dagens hektiske rop eller sinte stemmer. Brått ble det stille. For der kom eselet. Gråbrunt og molefonken, slik esler trolig har vært siden tidenes morgen. Uberørt av folkemengden ruslet det sakte fremover. Om det hadde båret Dronningen av Saba eller Jørgen Hattemaker ville det trolig ruslet på samme måte. Ører vippende i takt med beina og halvt lukkede øyne. Nå hadde det en kvinne på ryggen. Og en mann ved siden. De var på vei. Glade barn, kvinner og menn, ja, selv et par skjelvende gamle fulgte etter mens vi sang «Nå vandrer fra hver en verdens krok» og hadde trang til julens fred som

sjelden før. Det var ikke akkurat Guds kirke i Norge som vandret. Vi var en broket forsamling av kristne- lutharere, katolikker, reformerte, ortodokse, og pinsevenner- fra India, USA, Tyskland, Island, Norge, Sverige, Danmark, Finland, Papua Ny-Guinea og Etiopia. Denne kvelden var vi samlet på tomta der den Etiopiske lutherske Mekane Yesus-kirka har sitt utdanningssenter på Mekanissa i hovedstaden Addis Ababa. Det var desember, og tradisjonen tro, tid for årets julespill. Skandinavene ledet an, og selv om salmevalget kunne vært mer internasjonalt tilpasset, var det mange som var berørte av opplevelsen. Vi var som hyrdene på marken den julenatt i Betlehem. Tid og rom var bortenfor alt, og vi fikk være med der Fredsfyrsten ble født. I en stall. Lagt i en krybbe. For hvert år blir det født et barn som passer i julespilllets krybbe på Mekanissa. Og englene sang Halleluja. Mens det lille barnet bare ligger der. Og bærer bud om fred og frelse for alle folkeslag. For våre brødre og søstre i Etiopia og rundt om i verden. For meg. Og for deg.

MIN SALME

Så med salme nr 59 i salmeboka, «Nå vandrer fra hver en verdens krok», ønsker jeg deg en velsignet jul.

Nå vandrer fra hver en verdens krok i ånden frem, i ånden frem et uoverskuelig pilgrimstog mot Betlehem, mot Betlehem

Se barna går foran glad i flokk så kvinner og menn, så kvinner og menn Selv skjelvende gamle tar sin stokk til krybben hen, til krybben hen

For alle har samme hjertetrang til julens fred, til julens fred Guds kirke i Norge ved våg og vang følg med, følg med, følg med, følg med

Og finner du ham i krybbens høl som hyrder så, som hyrder så da eier du nok til freidig å dø og leve på, og leve på.

Tekst: Jonas Dahl
Melodi: Alf Fasmer Dahl

Endeleg konsert!

AV: ELI DØVRESØDEGÅRD SKATTEBU

FOTO: ELI VATN

Soknerådet i Rogne hadde lenge planlagt å arrangere konsert, men koronapandemien hadde skyvd på planane.

18. november var det ganske «bustint» føre, men heldigvis kom det, om ikkje so mange, eit veldig forventningsfullt publikum til Rogne kyrkje. «Detta har me gleda oss so til», sa fleire då dei kom. Klare sto nesten heile Synvis som var veldig glade for å kunne spela konsertar att, sjølv om Susanne Engelmänn måtte melde forfall pga. sjukdom. Som oppvarmar hadde dei med seg Åsne Hovda frå Lomen som song eigne songar. Det sette publikum stor pris på.

Synvis skriv om kvardagslege tema, som det er lett å kjenne seg att i. Caroline Synvis, Simen Motrøen og Lars Skattebu fylte kyrkjerommet med vakre tonar frå sine eigne plater og eit par frå den nye plata som skal koma neste år. Det er berre å glede seg.

Bob Dylan har fylt 80 i år, og me hadde ønska dei skulle spela eit par av hans songar. Ein av dei vart den vakre «Lay down your weary tune».

Folk kommenterte at dei var so glade for å høyre levande musikk att. Me treng kulturelt påfyll, og kyrkjebygget er ein god plass å lytte i. Takk til dykk som kom!



Juletradisjonar

- før og no

REDIGERT AV: GUNVOR HEGGE

Jula står for døra, og rundt i dei mange heimar er førebuingane alt godt i gang. Vi har spurt fire øystreslidningar om kva dei tenkjer skal til for at det er jul, kva for tradisjonar dei har med seg frå før, og kva dei ynskjer å føra vidare.



TOR SKATTEBO

F. 1968

FOTO: Gunvor Hegge

JULEFØREBUINGA STARTAR for meg opp når adventstida byrjar. Då kjem adventsstaken fram, både den på straum i glaset og med levande lys på stogobordet. Har opp belysning ute, men ikkje mykje.

I adventstida prøver vi å rydde og vaske huset, sjølv om det ikkje er alt ein rekk kvar år. Julebakst har det vorte mindre av etterkvart som ungane har flytt ut, men nokre slag ein må ha, som berlinerkransar og stryllo, men sju slag er det ikkje lengre. Elles har det vore tradisjon at vi brygger tomtebrygg til jul.



BORGHILD HÅVARSDATTER DALBØ

F. 2002

FOTO: Privat

EG SYNEST det er veldig triveleg å pynte til jul, handle og pakke inn julegåver til familie og vener. Eg høyrer mykje på julemusikk, og så likar eg veldig godt å lage julebakst. Elles så er julematen eit stort høgdepunkt i julefeiringa.

Dei siste åra har eg budd på hybel, og då har eg starta tidleg med litt pynting til jul. Dette for å gjere det ekstra koseleg rundt meg.

Frå min eigen barndom minnest eg det var meir styr med juleførebuingar, me slakta gjerne før jul, og det var mykje mat som skulle ordnast med og takast vare på.

Huset pyntar vi oftast vesle julaften. Då kjem raudnissane fram og juletreet kjem på plass og blir pynta. Juletreet blir hogge i eigen skog. Har tradisjon på å ha julenek på låvebrua. Eg har eit gamalt kristneteppe som blir pynta med kvite handkle. Det er truleg eit som oldefar min frå Vang hadde.

Når eg går i fjøset julekvelden, startar julekvelden for meg. Då ringer kyrkjeklokkene i Volbu inn jula. Vi høyrer dei betre enn Rogneklokkene i Skattebugrenda.

I jula blir det mykje god mat og samvær med familie og vener. Elles går dagane som vanleg med dyrestell i fjøset og gardsarbeid. Sidan eg arbeider som inseminør ved sida av garden, må den jobben med passast, då det er høgsesong for det. Eg prøvar å få tid til nokre skiturar og turar med elghunden.

God jul til alle!

Eg bakar framleis peparkaker, lagar julegodt og pyntar heime med familien. På hybelen har vi samlast ein venninne-gjeng og baka peparkaker og sett julefilmar saman før jul.

Den viktigaste julepynten må nok vera juletreet. Men eg er også veldig glad i englar, fordi vi har alltid hatt mykje av det heime i jula.

Korleis vi har skaffa oss juletre har variert litt. Men eg synest det er veldig stas når eg og syster mi har fått vera med å plukke ut juletreet som skal pryde stova gjennom jula.

For meg varar jula til 20. dag jul, altså 13. januar. Eg er heldig å ha mange søskenbarn, og i jula har vi brukt å samlast til ein akedag ute. Det er noko eg alltid har synst har vore veldig moro!



ELISA SEVILLA ULFSTEDT

F. 1978

FOTO: Privat

MUSIKK ER veldig viktig for meg, og er det som setter meg i ordentlig julestemning. Jeg må innrømme at det ikke er jul for meg før jeg hører Bjørblings framføring av "O helga natt".

Juleforberedelsene starter 1. søndag i advent. Da tenner vi lys. Adventsaktivitets-kalenderen vår har blitt en tradisjon, der vi tar oss tid til å gjøre noe hyggelig sammen hver dag, selv om det kan være noe så enkelt som å tenne bål og drikke kakao. Juletreet hogger vi noen få dager før jul hos hyggelige naboer som er grunneiere, og treet pynter vi med ting barna har laget gjennom årene.



KOLBJØRN JØRSTAD

F. 1934

FOTO: Gunvor Hegge

FOR MEG er det jul når eg kan samlast med familien og nyte det vi har førebudd i førjulstida.

Juleførebuingane har endra seg mykje sidan eg vaks opp. Som gutunge hugsar eg godt griseslaktinga i månadsskiftet november - desember. Då kom det slaktar på garden, og det var smågutarbeid å røre i blodet. Griseslaktinga måtte gjerast i så god tid at dei fekk laga sylteflesk og anna alminneleg julemat.

Juletreet henta vi i eigen skog. Finaste trea fann vi i den yngste skogen, gjerne i ein hamnehage eller ei flate i skogen. Dette har eg gjort i alle år og gjer det

Jeg er født og oppvokst i Spania, og der er julen litt annerledes. Der er det større fokus på juleevangeliet. Julepynten består hovedsakelig av julekrybbe med Jesusbarnet og andre figurer. Det er heller ingen julenisse eller gaver på julaften. Gavene bringer de Tre Vise Menn til hele verdens barn, natt til den 6. januar. Jul i Skandinavia er allikevel så koselig at tradisjonene virkelig har fått rot hjemme hos oss. Men jeg har alltid spansk julegodteri (turrón, som er en type nougat) og prøver å tone ned overfloden av gaver.

Ellers er dansing/synging rundt juletreet og i hver krok av huset en tradisjon den finske-danske delen av familien har innført. Og det er virkelig høydepunktet hos oss! Da synger vi spanske, danske og norske julesanger.

Som barn varte julen frem til 6. januar. Dette sitter fremdeles litt i hos meg.

Julekonsert i Konserthuset i Madrid med pappa og tanta mi var et "must" da jeg var ung. Den snille tanta mi, som forresten var født 24. desember, lever ikke lenger. Men minner om henne samt besteforeldrene mine dukker alltid opp hos meg på julaften. Da hender det at jeg blir melankolsk.

framleis. Juletreet vart pynta juleeftan med koger, gjerne fylte med rosiner eller anna småtteri, norske flagg og lys.

Julevasken på ungane gjekk føre seg i ein trestamp i kjellaren. Vi var fire brør som skulle gjennomgå denne prosessen, og eg hugsar det var kaldt!

Like før kyrkjeklokkene ringde inn jula, måtte julebanda opp. Det var bygg som vart nytta i banda, for det var mest bygg som vart dyrka her. Vi sette opp eitt band på kvar side av låvebrua. Fyrste julegåva eg hugsar at eg fekk, var ein fin føreseggjort tollekniv med skaft og slire av reinshorn. Denne kniven var eg svært glad i, så då eg mista han på Etnestølen seinare, vart det stor sorg!

Jula vara til 20. dagen, og det var ganske nøye. Treet stod i ikkje i vatn den tida, det var berre sett medi ein trekross, så når 20. dagen kom, var det nesten ikkje att barnåler.

Jula er ei høgtidshelg. Skal tru om vi såg meir fram til høgtida før enn vi gjer i dag?

Om jula ved tre i fyrste klasse ved Rogne skule

TEKST OG FOTO: BORGHILD WEEG



MARI ROGNE DAHLEN, 6 ÅR

Kva synest du er den finaste julepynten?
– Emmm... juletre, fordi då kan eg ha mi eiga stjerne som eg kan ta på det største juletreet. Eg har også eige juletre som eg har på rommet, men i år vil eg ha det ved sida av det store treet slik at den også får ei fin stjerne på seg.

Er de ute i skogen og finn juletre?

– Nei, men vi får besøk av søskenbarna våre som går i hamnehagen vår for å hogge der sidan vi har så fine juletre der. Dei må passe på at det passar inn i huset, for tenk om juletreet er lite - så kjem julenissen og seier «Ååå så lite tre, korleis skal eg få plass til alle gåvene?»

Kva synest du er den beste julematen?
– Emmm... eg syns det er, hmmm..., det beste eg veit er sjokolade. Den beste julematen er nok desserten.

Kva er det beste med jul?

– At julenissen kjem og gir oss pakkar. Og så ønsker eg meg «masseee», kan ikkje si alt, for det er så mykje.

Kjem nissen i år?

– Det håper eg, og eg håper at det er ingen andre som kler seg ut som julenisse. For det var berre ein gong den ordentlege julenissen kom, for då kom

både julenissen og hjelparen hans. Då var bestefar hjå oss, så då kan det ikkje ha vore han, men elles er det tante som har vore julenisse. Neste gong tante er julenisse skal eg ta av henne luva.

Kvifor feirar vi jul?

– Veit ikkje, er det fordi det er vinter?



KNUT-YOHANNES DADAFO HOVI, 6 ÅR

Kva synest du er den finaste julepynten?
– Emmm... juletre, fordi det er så mange fine julekuler og glitter på det.

Er de ute i skogen og finn juletre?

– Nokon gonger.

Kva synest du er den beste julematen?
– Julegraut, mamma sin julegraut er kjempegod.

Kva er det beste med jul?

– At ein får gåver. Å få besøk er også hyggeleg.

Kjem nissen til deg i år?

– Ja, fordi den kjem kvart år, og eg har vore snill.

Kvifor feirar vi jul?

– Det er fordi Jesusbarnet vart født.



EMILIE SEBU, 6 ÅR

Kva syns du er den finaste julepynten?
– Juletreet og julekuler, fordi det glinsa så fælt.

Er de ute i skogen og finn juletre?

– Eg trur det, men det er ikkje så små tre rundt oss. Me kjøper ofte, men nokon gonger hogg me det.

Kva syns du er den beste julematen?

– Emmm... havregraut og wienerpølse. Vi et det ofte på julaftan, fordi det synest eg er veldig godt.

Kva er det beste med jul?

– Få gåver, fordi då får ein noko nytt ein kan leike med. Eg liker og godt å pynte juletreet.

Kjem nissen til deg i år?

– Ja, fordi eg har vore snill og ikkje kome på slemmelista. Men nokon gonger kranglar eg med brørne mine, men det gløymer vi etterpå og har det bra saman.

Kvifor feirar vi jul?

– Det er fordi Jesus har bursdag!

TÅRNAGENT helg

Av: ELI VATN

Detektiv i kyrkja

Tredjeklassingar frå Rogne skule vart i haust inviterte til tårnagenthelg i Volbu kyrkje. Her vart dei tekne imot i våpenhuset der vi legg frå oss all ufred og alle våpen. Inne i kyrkja er vi vener og fredelege. 12 engasjerte unge tok fatt på oppgåvene med å finne kva alle teikn og spor i kyrkja tyder. Ein tårnagent får mange oppdrag; kva står på klokkene i tårnet, kor mykje vatn rommar døypefonten, kor mange englar finnst det i kyrkja?

Vi fekk og besøk av ein ekspert på å løyse mysterium, ein politibetjent. Han hadde lagt att våpena sine før han gjekk inn i kyrkja. Men han hadde mykje å fortelje om korleis ein kan løyse gåter. Det var godt å ha han til hjelp då vi måtte løyse mysteriet med dei forsvunne lysestakane.

Det synt seg at vi hadde sær gode songarar i denne gjengen, så på gudstenesta søndagen etter hadde vi eit flott kor.

I Lidar måtte vi avlyse helga grunna lite påmelding og koronabrot.

Stor stas med politiet som synt oss korleis vi kunne løyse kriminalgåter.



Marianne Straum og Tina Rosen ønsker velkomen til Tårnagenthelg.



Gloria ved tårnagentene. FOTO: Harald Hegge.



ALTARTAVLER
AV: SOLVEIG SANDBERG

Altartavla i Rogne kyrkje

Gjennom tidene skal det ha vore fleire kyrkjer i Rogne sokn. På Rognegardane sin grunn skal det ha vore både gardskyrkje, stavkyrkje og som vi no skal høyre, ei krosskyrkje. Kring 1780 fekk 22 oppsitjarar i Rogne bygd ei ny kyrkje på garden Sørre Rogne sin grunn. Ho var ei lita tømra kors-kyrkje med skifertak som skal ha stått i området ved Kyrkjeberg. Men då denne kyrkja etter kvart vart for lita og då det heller ikkje var gunstige forhold for utviding av kyrkjegarden der, vart det søkt om oppføring av ei ny på ein dertil eigna stad. Dagens Rogne kyrkje, på tomt frå garden Hovrud midt i soknet, var klar til innviing i 1857.

Vi må tilbake til tømmerkyrkja på Kyrkjeberg. I eit gammalt dokument frå 1783 er det nemnt at kyrkja då hadde ny preikestol, døypefont og altar med måla altartavle. Om ein går bak altartavla i Rogne kyrkje i dag, kan ein framleis sjå initialane til han som måla altartavla den gongen. Det vil altså seie at altartavla og preikestolen stammar frå kyrkja på Kyrkjeberg, og at dei såleis har vore med på å prege livet og tankane til øystre-slidringar i mange generasjonar.

Bygdekunstnaren Simen Erlandsen Skaran (1753-1831) som kom frå Leirskogen i Sør-Aurdal, var hyra inn til å måle inventaret i denne nye kyrkja fyrst i 1780-åra. Etter at han hadde utført målararbeidet der, vart han nytta til m.a. å dekorere koret i Hegge kyrkje. Vi kan i dag også sjå hans målarstrøk og fargekombinasjonar i Bruflat kyrkje. Skaran er også kjent som gardbrukaren Simen E. Haug etter at han kjøpte garden Øvre Haug på Bruflat i Etnedal.

Den vakre gamle altartavla som vi framleis kan gle oss over i Rogne kyrkje, er laga av breie ståande plankar med eit listverk som innramming. Tavla har måla felt som viser ulike motiv. Sentralt plassert over altaret er hendinga den kvelden Jesus innstifta nattverden. På venstre side ser vi evangelisten Lukas, og til høgre for nattverdsscena sit Johannes. Desse har bøkene sine klare der dei har skrive ned forteljingane. I felte ovanfor ser vi Moses og broren Aron med



Altartavla i Rogne kyrkje. FOTO: Saskia Aleida Van Veen

Matteus og Markus på kvar si side. Øvst ser vi Jesus på korset. Frå dei nagla hendene hans dryp det blod ned på Maria og Johannes. På kvar side av denne «scena» er det små landskap med enkle kyrkjebygg. Skaran dekorerte også to små felt med blomemotiv nedst på tavla. Blomane er rosa og har spinkle grønne stilkar og blad. Om vi ser nærare på dekorasjonane på preikestolen, vil vi sjå at han har måla noko av det same der. Målaren har gjeve oss motiva i brune, gråblå, grårosa, svarte og raude fargar på blåleg bakgrunn. Elles er rammelistene måla i grønt med raude kantar. Ein kan kanskje seie at den unge målaren har skapt motiva i ein noko naivistisk stil. På baksida av tavla har Simen Erlandsen Skaran signert verket ved å skrive namnet sitt med blyant. Der står det: «malet af SES»

Det knyter seg nokre spørsmål til denne gamle altartavla. Vart ho sett direkte inn i den nye kyrkja ved riksvegen, eller var det slik at ho vart tilsidesett og erstatta av eit enkelt altarkors på altaret i Rogne kyrkje. Når det kom inn er ikkje kjent, men det skal ha vore 168,5 cm høgt og 98 cm breitt. Sikkert er det derimot at kyrkja fekk ei ny altartavle i 1916 etter eit initiativ frå Oslo-Valdrisen Knut Rogne. Ei gåveinnsamling i soknet førte til at måleriet «Kristi Oppstandelse» vart innkjøpt. Det var ein kopi av Adolph Tidemands måleri. Truleg var kopien måla av kunstmålar Christen Brun. I samband med 100-årsmarkeringa av kyrkja i 1957 vart den gamle altartavla til Skaran restaurert og teken inn att, og Kristus-måleriet vart hengt opp på austveggen i kyrkjeskippet.

Myrvollkorset

TEKST OG FOTO: HELGE GUDHEIM



Eit mellomaldersk relikviekors vart funne i Rogne.

I 1908 fann Per Myrvold (1875–1962) eit stort sylvkors med kjede i jorda ved tunet på garden Myrvoll i Køllstadbygda i Rogne. Per Myrvold leverte korset inn til Universitets oldsaksamling i 1914, der det i mange år var utstilt i «Skattkammeret» ved Kulturhistorisk museum.

Finnaren var Per Myrvold (1875–1962), og han leverte korset inn til Universitetes oldsaksamling i 1914

Korset hadde truleg lege i jorda frå like etter reformasjonen og fram til det vart funne, fordi relikvien og fleire små tøyestykke framleis var intakte inne i holromma i korset. Innhaldet frå korset blir det denne hausten forska på ved Kulturhistorisk museum.

Sjølve korset måler 8,5 x 8,5 centimeter, og er til å opne. Det har også eit tjukt kjede av sylv – og er til saman rundt ein halv kilo tungt. Det har vore gjetta på at korset mest sannsynleg er frå 1400-talet.

På kva måte det hamna på eit jorde i Rogne, kan ein i dag berre gjetta på, men det kom truleg på avveggar etter reformasjonen, og vart kanskje grave ned og gøymt. Etter reformasjonen fekk slike relikviekors og andre typar kors ein ny bruksmåte som brudgoms kors til den tids folkedraktar. Men Myrvoll-korset har neppe vore brukt på den måten, sidan relikvien var intakt og det vart funne nede i jorda.

Det er berre bevara 10–15 relikviekors frå mellomalderen her i landet, og Myrvoll-korset er eitt av dei største. Det er også det einaste korset som er funne med relikvien intakt.

Per Myrvold selde i 1923 garden sin til Olav Strandheim, og ungane hans tok Myrvold som etternamn. Det er eitt av Olavs oldebarn, Odd Erik Myrvold, som no har garden. Per Myrvold kjøpte ei tomt like nordanfor Rogne kyrkje, og var ei tid kyrkjetenar. Han fekk fire barn, og eitt av barnebarna hans var Martha (Haugen) Moe, som døydde tidlegare i år.

I 2018 vart relikviekorset frå Myrvoll kopiert av sylvsmid Truls Grønvold på Hønefoss, på oppdrag frå Else Marie Myrvold (mor til Odd Erik) og Helge Gudheim. På den måten kom kopien "heimatt" på garden.

Historia om korset og kopieringa av det var 9. september tema for ein foredragskveld i regi av Vennelaget for Valdres Folkemuseum. Til denne kvelden hadde sylvsmid Inger Norunn Solhaug også laga ein kopi av kjedet, som no er foreina med korset. Dermed er ein komplett kopi av korset og kjedet attende på garden der det vart funne.

Foredragskvelden vart filma, og museet har lagt han ut på YouTube. Ved å søkje på Myrvollkorset på Google, vil ein finne den vel ein time lange filmen, der fleire lokale aktørar er med.

Myrvollkorset er laga av sylv, og er til å opne. Det hadde ein relikvie intakt i holrommet då det vart funne i jorda på garden Myrvoll i Rogne i 1908.



DÅP

ROGNE KYRKJE:

Martin Andreas Sindsen Hesjadalen
Ansgar Sigvall Grobakken

ROGNE SOKN

Even Haganæs Bergli (Tisleidalen kyrkje)
Andreas Heggelund-Røe (Øvre Vang kirke)

KYRKJELEGE HANDLINGAR OKTOBER - NOVEMBER 2021

LIDAR KYRKJE:

Martine Linn Skogen

LYSKAPELLET:

Ida Sofie Eide Gløersen
Sondre Torgrimsønn Katevoll

VIGSEL

HEGGE KYRKJE:

Susanne Poulsen og Lars Erik
Røshaugen Næss

LIDAR KYRKJE:

Hannah Lohne Enersen og
Jonas Nordmo

GRAVFERD

HEGGE SOKN:

Øystein Rudi Rydland

LIDAR KYRKJE:

Elbjørg Elvira Skattebo

VELKOMEN TIL KYRKJE!

Desember

24 12 2021 Lidar kyrkje kl. 13.00
Julaftangudsteneste ved prost Carl Philip Weisser.
Takkoffer Kyrkjebladet.

24 12 2021 Lidar kyrkje kl. 14.30
Julaftangudsteneste ved prost Carl Philip Weisser.
Takkoffer Kyrkjebladet.

24 12 2021 Rogne kyrkje kl. 14.30
Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn.
Takkoffer Rogne Kyrkjestogo.

24 12 2021 Hegge kyrkje kl. 16.00
Julaftangudsteneste ved sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Redd Barna.

25 12 2021 Hegge kyrkje kl. 12.00
Høgtidsmesse ved prost Carl Philip Weisser.
Takkoffer Kirkens Nødhjelp.

25 12 2021 Ø S Helsetun kl. 16.30
Julegudsteneste ved prost Carl Philip Weisser.

25 12 2021 Volbu kyrkje kl. 19.30
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn.
Takkoffer MS-foreininga Valdres.

31 12 2021 Volbu kyrkje kl. 15.00
Nyttårskonsert.

Januar

09 01 2022 Lidar kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved prestevikar Ellen Oddveig Rudi. Utdeling av 4 årsbok.

09 01 2022 Volbu kyrkje kl. 13.00
Høgmesse ved prestevikar Ellen Oddveig Rudi. Utdeling av 4 årsbok.

16 01 2022 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved prestevikar Ellen Oddveig Rudi. Utdeling av 4 årsbok.
Dåp. Takkoffer Barneaktivitetar i kyrkjelyden.

16 01 2022 Hegge kyrkje kl. 13. 00
Høgmesse ved prestevikar Ellen Oddveig Rudi. Utdeling av 4 årsbok.

30 01 2022 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn.
Årsmøte.

Februar

06 02 2022 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn.
Takkoffer Kyrkjestogo. Årsmøte.

13 02 2022 Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved prestevikar Ellen Oddveig Rudi. Dåp. Årsmøte.

27 02 2022 Hegge kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn.

Mars

06 03 2022 Lyskapellet kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn.
Dåp.

13 03 2022 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved prestevikar Ellen Oddveig Rudi.

13 03 2022 Rogne kyrkje kl. 19.30
Songgudsteneste ved prestevikar Ellen Oddveig Rudi.
Takkoffer Kyrkjebladet.

27 03 2022 Hegge kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn. Årsmøte.

Skulegudsteneste

tysdag 21. desember v/ sokneprest Eli Vatn

Lidar kyrkje kl. 08.30

Rogne kyrkje kl. 10.00

Volbu kyrkje kl. 11.30

Juletefest



på Tingvang søndag den 2. januar 2022 kl. 17.00

Det blir underhaldning, bevertning og gang rundt juletreet.

Alle er hjarteleg velkomne.

Arr: Sokneråda i Øystre Slidre og Øystre Slidre Røde Kors Omsorg.

Gudsteneste med utdeling av 4 års bok



Lidar kyrkje 09. januar 2022 kl. 11.00
Volbu kyrkje 09. januar 2022 kl. 13.00
Rogne kyrkje 16. januar 2022 kl. 11.00
Hegge kyrkje 16. januar 2022 kl. 13.00
Eigen invitasjon vert sendt i posten.

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

Diakonitreff

Vi startar snart opp att men har ikkje fått fastlagt datoar enno. Følg med i avisa og på heimesida til kyrkja.

Salmesong

24. januar, 21. februar og 21. mars i Rogne kyrkjestogo kl.19.00

Pusterom

10. januar, 14. februar og 14. mars i Volbu kyrkje. Open kyrkje frå kl. 18.00.

Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30

Babysong

11. januar, 8. februar, 15. mars i Rogne kyrkjestogo kl. 11-13.

Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.

Årsmøte i:

Volbu 30. januar 2022 kl.11.00

Rogne 6. februar 2022 kl. 11.00

Lidar 13. februar 2022 kl. 11.00

Hegge 27.mars 2022 kl. 11.00

Alle møtene startar etter gudstenesta.

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK.
[/Kyrkja-i-Øystre-Slidre](https://www.facebook.com/Kyrkja-i-Øystre-Slidre)

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.